



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

NVE 200403874 - 26
S.beh.: KT / KTV / SMY
23 FEB 2006
Arkivkode: 911-511.1
Sek.kode: 046.52
TE dato/sign.:

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200408196-10/344/AGUL

Dykkar ref.:
200403874-22

Bergen, 20. februar 2006

Planendringssøknad for Årvik kraftverk i Kvinnherad - fråsegn Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 23.01.06 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til Småkraft AS sin planendringssøknad for Årvik kraftverk i Kvinnherad.

Fylkesutvalet handsama den opprinnelege søknaden for Årvik kraftverk 27.01.05, med følgjande vedtak om fråsegn:

- Fylkesutvalet i Hordaland meiner ei utbygging av Årvik kraftverk ikkje er i vesentleg konflikt med viktige regionale interesser, og rår til at det vert gjeve løve til utbygging. Vassføring i elva er ei viktig del av landskapsbiletet, og fylkesutvalet rår til at det vert sett krav om ei viss minstevassføring i elva.*
- Undersøkingsplikta etter §9 i Kulturminnelova må oppfyllest.*

Opprinneleg utbyggingsalternativ skulle nytte eit fall på 396m mellom Skitnatjørn og fjorden. Det ville bli om lag 1km ny skogsbilveg opp til inntaket. Skitnatjørn ville bli permanent heva 2m med ein betongdam, og det var ikkje lagt opp til minstevassføring i elva. Utbygginga ville føre til bortfall av inngrepsfri natur, og tidvis turrleggje Årvikelva med fossen Kvitingen. Utbygginga ville gje 30,4 GWh til ein utbyggingskostnad på 1,43 kr/kWh.

Det ligg no føre ein planendringssøknad med omtale av to ulike utbyggingsalternativ. Samanlikna med opprinneleg søknad vil inntaket bli flytta til like ovanfor fossen Kvitingen (alternativ A) eller like nedanfor fossen (alternativ B). For begge alternativ er også plassering av kraftverket flytta høgare opp til kote 6 grunna endringar i elveløpet etter storflaumen sist haust.

For alternativ A vert det lagt opp til ei minstevassføring på 250 l/s i perioden 1.mai til 30 september. Det vert trong for 500m ny veg til inntaket og 100m veg til kraftstasjonen. Utbygginga vil gje 25,3 GWh til ein utbyggingskostnad på 1,60 kr/kWh.

For alternativ B er inntaket nedanfor fossen, og det vert ikkje lagt opp til slepp av minstevassføring. I elva nedanfor vert det difor tidvis vesentleg reduksjon i vassføringa. Det vert trong for om lag 100m ny veg til inntaket og 100m veg til kraftstasjonen. Utbygginga vil gje 19,0 GWh til ein utbyggingskostnad på 1,78 kr/kWh.

Begge alternativa har mindre negative konfliktrar enn det opprinnelege prosjektet, både når det gjeld biologisk mangfald og verneinteresser, fisk og ferskvatnbiologi, landskap og friluftsliv. Alternativ B er noko betre enn alternativ A. Alternativ A vil samstundes ha noko meir positive verknader for landbruk (grunneigar) ved at kraftproduksjonen er høgare til ein lågare utbyggingspris.

Fylkesutvalet la vekt på at vassføring i elva er viktig for landskapsbiletet. Fossen Kvitingen som er synleg frå fjorden er det mest spektakulære landskapselementet i elva. Begge alternativa sikrar ei viss vassføring i fossen Kvitingen sumarstid. For alternativ A vert det samstundes sikra ei viss minstevassføring i resten av elva den same tida. I flaumsituasjonar vår og haust vil fossen framleis framstå som stor og mektig då slukeevna i kraftverka er avgrensa. For alternativ B vil vassføringa i fossen vere uendra, medan ein for resten av elva ikkje er sikra minstevassføring.


Sjølv om det ikkje er kjent kulturminne eller fornfunn i inngrepsområdet, har området likevel eit visst potensiale for uregistrete kulturminne. Ein har i dag ikkje grunnlag for å føretrekke eit utbyggingsalternativ framfor eit anna av kulturminneomsyn.

Vurdering

Begge utbyggingsalternativa har vesentleg mindre negative verknader enn den opprinnelege søknaden, og sikrar vassføring i fossen Kvitingen i sumarhalvåret. Alternativ B gjev mindre negative konsekvensar for landskapet enn alternativ A, men har samstundes både mindre kraftproduksjon og høgare kraftkostnad enn alternativ A.

Utbyggingsalternativa stør begge opp under fylkesutvalet si tilråding om ei viss minstevassføring i elva, men på ulikt vis. Det er slik ikkje grunn til å forkaste eit alternativ framfor eit anna ut frå dette. Alternativ A gjev meir kraft til ein rimelegare kraftkostnad (kr/kWh), og er Småkraft As sitt primære val. Fylkeskommunen vil difor rå til at NVE godkjenner planendringssøknaden med alternativ A slik Småkraft har søkt om.

Når det gjeld kulturminne må undersøkingsplikta etter §9 i Kulturminnelova oppfyllest dersom tiltaket får tildelt konsesjon. Vert det gjort funn av automatisk freda kulturminne må planane endrast, eventuelt at saka vert oversendt Riksantikvaren som dispensasjonsmynde etter Kulturminnelova.



Jan Per Styve



Anne-Gro Ullaland
Anne-Gro Ullaland

Kopi: Tore Bjørge, Kultur- og idrettsavdelinga